

Fra: Matti Torgersen
Sendt: 30.10.2014 13:37:04
Til: Liv Kari Eskeland
Kopi:

Emne: Kravsspesifikasjon, mulighetsstudien E39
Vedlegg: image001.jpg

Hei

Vi takker for innspel i saka som vi vil ta med vidare til konsulent når denne er valt. Vi kjem til å leggje størst vekt på å avklare dei sidearmane som her er nemnt, og vi legg òg opp til å utgreie ferjeleier på begge sider av Kvinnheradssambandet.

Vi legg òg opp til ein aktiv dialog med Stord kommune og dei andre aktuelle kommunane i løpet av prosessen.

Venleg helsing

Matti Torgersen
Sjefsplanleggjar
Samferdselsavdelinga | Transportplanseksjonen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
 HORDALAND
FYLKESKOMMUNE
Tlf: 55 23 91 68 | Mob: 922 24 656
www.hordaland.no

Fra: Liv Kari Eskeland [mailto:liv.kari.eskeland@stord.kommune.no]
Sendt: 30. oktober 2014 11:38
Til: Matti Torgersen
Kopi: post stord kommune; Magnus Mjør
Emne: VS: Kravsspesifikasjon, mulighetsstudien E39

Matti Torgersen, Hordaland Fylkeskommune

Gjeld kravspesifikasjon til mulighetsstudien

Viser til kravsspesifikasjonen til mulighetsstudien knytt opp mot E39 som no ligg ute på anbod. Me er glad for at det vert sett i gong eit så grundig arbeid for å sjå på konsekvensar ein ferjefri forbindelse kan gje for regionen. Me ynskjer med dette å kome med nokre innspel til prosess.

Ettersom omfanget for arbeidet er såvidt omfattande, er det viktig at ein prioriterer arbeidet i rett rekkefølge. Som trinn ein bør påkoplingspunkta for sidearmar (fylkesveggar) prioriterast. Det er kritisk viktig å sjå på påkoplingspunkt for den delen av traseen som går mellom Os og Stord først, for å sikre at ein får inn påkoplingspunkt/kryss på dei mest optimale stader, og med det spela dette inn til svv så tidleg som mogeleg i deira planarbeid. Dette gjeld først og fremst for samband for Austevoll, Våge/ Uggdal, Onarheim og Kvinnherad, samt påkoplingspunkt for trafikk frå Fitjar.

Når det gjeld Kvinnheradsambandet er det avgjerande at ein ser på heile sambandet, dvs både på Stord-sida og Kvinnheradssida.

Viser her til kommunestyrevedtak gjort i Stord 19.12.13:

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.12.2013

Vedtak

- 1) Kommunestyret vedtek a) avslutta arbeidet med kommunedelplan og at Skjærsholmane inn til vidare vert oppretthalden som ferjeleie på? Stordsida.
- 2) Kommunestyret ber om at Statens vegvesen utfører tilleggsutgreiingar for framtidige kryssingspunkt for ferjetrafikk mellom kommunane Stord og Kvinnherad basert på? endeleg val av trase for ferjefri kyststamveg.
- 3) Kommunestyret ønskjer også? a) sja? spørsmålet i samanheng med planarbeidet for E39 over Stord med særleg vekt på? trafikksikring og ein meir ska?nsom arealbruk for tilslutningsvegane knytta til dei ulike alternativ som vert fremja.
- 4) Kommunestyret ønskjer vidare ein dialog mot fylkeskommunen m.o.t. ein tidsplan for gjennomføring av prosjektet. Me ber fylkeskommunen vidare undersøka bruken av moderne raskare og miljøvenlege ferjer, og sja? på? synergieffektar saman med t.d. Rogaland fylkeskommune
- 5) Ein legg til grunn at tilleggsvurderingane (1 og 2) vert lagt ut på? høyring før endeleg handsaming.

Som trinn to kan ein sjå på dei øvrige samfunnskonsekvensane som lista opp i kravsspesifikasjonen.

For kryssingsalternativ over Langenuen legg vi til grunn at Statens vegvesen vil foreta gode analyser av brukryssingsalternativa gjennom planprogram og den statlige planen, der ein får inn innspel frå næringsliv og kommunar i prosessen.

Mvh
Liv Kari Eskeland
Ordfører i Stord kommune